




Kyrkjeblad for Lom



Bøverdal



Lom



Garmo

Nr. 4 - 2015 - 74. årgang



Konfirmantane på Trondheimstur.

«..og tusene barnehender mot himmelen ljosa held.»

Inn mot denne julen har jeg tenkt mye på Jakob Sandes vakre julesalme «Det lyser i stille grender». Denne salmen inneholder sterke kontraster; lys og mørke, «himmelhall» og «vesal stall», «ringe seng» og englesang. I likhet med salmen får også årets julefeiring en kontrastfylt inngang. Vi bærer alle med oss sterke bilder av mennesker i stor nød. De som har flyktet i tusentall fra sine hjemland, krysset det livsfarlige Middelhavet og som har blitt møtt i Europa med både åpne og lukkede armer. De har flyktet i håp og med drømmer om en trygg fremtid for seg og sin familie.

Så kommer julen, og budskapet om barnet; som ble født midt i vår verden, med all dens skjønnhet og grusomheter. Og jeg tenker på Sandes salme; som tar oss til den første julenatten, og som gir meg den gode gjenkjennelse i det å holde et nyfødt barn i armene for første gang. Det å kjenne den myke huden, stirre inn i dybden av barnets blikk. Det gir også påminnelse om hvor sårbart et menneskeliv er, og hvor avhengig vi er av hverandre. Jesusbarnet ble den gang båret av Maria og Josef, på samme måte som Kristus har båret mennesker over hele verden med sin kjærlighet og nåde i 2000 år.



Alle trenger å bli båret; alle barn i verden trenger omsorgsfulle hender. Og akkurat nå, kanskje mer enn noen gang banker barn og vokse på døra vår. Og de trenger at blikk møter blikk, og bli bekreftet som mennesker. Ja, de trenger det som Sande så fint skriver; «tusene barnehender mot himmelen ljosa held.» De trenger at vi løfter våre lys, at kirken løfter opp Ham som er verdens lys.

Julen handler om å synge sangen; synge jubeltonene om barnet. Om Gud som ble menneske. Som ut av de ringeste kår ble den mest dyrebare rose. Som bryter seg igjennom mørket – som bærer mennesker til alle tider – og som gir håp for verden!

*«Songen som etter tonar
med jubel kvar julenatt.
om barnet, Guds Son, vår sonar,
som døden for evig batt»*

Velsignet julehøytid!

Solveig Fiske
Hamar biskop



I dei dagane lét keisar Augustus lysa ut at det skulle takast manntal over heile verda. Dette var første gongen dei tok manntal, og det hende medan Kvirinius var landshovding i Syria. Då fór alle heim, kvar til sin by, og skulle skriva seg i manntalet.

Også Josef drog då frå byen Nasaret i Galilea og opp til Judea, til Davidsbyen, som heiter Betlehem, for han høyrd til Davids hus og ætt og skulle skriva seg der saman med Maria, som var lova bort til han. Ho venta då barn. Og medan dei var der, kom tida då ho skulle føda, og ho fekk son sin, den førstefødde. Ho sveipte han og la han i ei krubbe, for det var ikkje husrom for dei.

Det var nokre gjetarar der i området som var ute på marka og heldt vakt over flokken sin om natta. Med eitt stod ein Herrens engel framfor dei, og Herrens herlegdom lyste kringom dei. Då vart dei gripne av stor redsle. Men engelen sa til dei: «Ver ikkje redde! Sjå, eg kjem til dykk med bod om ei stor glede, ei glede for heile folket: I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by. Han er Messias, Herren. Og det skal de ha til teikn: De skal finna eit barn som er sveipt og ligg i ei krubbe.» Brått var det ein stor himmelhær saman med engelen; dei lova Gud og song:

**«Ære vere Gud i det høgste,
og fred på jorda bland menneske Gud har glede i!»**

Då englane hadde fare attende til himmelen, sa gjetarane til kvarandre: «Lat oss gå inn til Betlehem og sjå dette som har hendt, det som Herren har kunngjort for oss.» Så skunda dei seg dit og fann Maria og Josef og det vesle barnet som låg i krubba. Då dei fekk sjå det, fortalte dei alt som hadde vorte sagt dei om dette barnet. Alle som høyrd på, undra seg over det gjetarane fortalte. Men Maria gøynde alt dette i hjartet sitt og grunda på det. Og gjetarane vende attende. Dei lova og prisa Gud for alt dei hadde hørt og sett; alt var slik som det var sagt dei.

Luk 2,1-20. Omsetjing 2011.



Eit lite barn utan makt

Eg las om nokre menneske som for ei tid sidan skulle feire jul i Betlehem, Jesu fødeby. Dei kunne ikkje koma inn i byen på grunn av det store oppbodet av militærpoliti. Det hadde nett eksplodert ei bombe i byen. Soldatar med skotsikre vestar danna ring rundt ein prosesjon av menneske, som gjekk og song om julebodskapen.

Ei forunderleg verd: På den eine sida julebodskapen om eit lite barn utan makt. Ein Gud som kjem til verda med bodskap om fred. Og på den andre sida: den verkelegheita vi lever i: Bomber som eksploderer og soldatar med skotsikre vestar. Ei besynderleg verd – kor bodskapen om fred og kjærleik må vaktas med maskinpistolar!

Vi har òg i vår nærliek opplevd ei meir brutalisering av samfunnet den seinare tida. Vald, terror og drap skjer i aukande omfang. Og det er ofte unge menneske som er valdsutøvarane. Mange menneske lever i frykt og utan tryggleik. Valden rammar blindt. Og diverse skjer mykje av valden i namnet å religionar. Eg tenkjer at historia om det vesle barnet utan makt er ei historie om von og tru i ei splitta verd. Tidlegare skodespelar Rolv Wesenlund sa det ein gong slik: «Den kristne trua er limet som får livet mitt til å henge saman».

Eg tenkjer at historia om det vesle barnet utan makt er ei historie om von og tru i ei splitta verd. Tidlegare skodespelar Rolv Wesenlund sa det ein gong slik: «Den kristne trua er limet som får livet mitt til å henge saman».

Er det ikkje det vi alle treng; noko som kan få livet vårt til å henge saman, når so mykje rundt oss går i stykker? Noko som kan gje livet retning, perspektiv, meinings og von, når myrke skyer truar livet vårt?

Trua handlar om dette enkle, at Gud aldri slepper taket på oss, Gud gjev oss ikkje opp. Vi treng denne trua på det gode og vakre i livet, når alt rundt oss gjer oss vonlause og redde. For Gud har hugnad i oss.

Ei god julehøgtid fra Einar prest



Ei helsing frå avtroppande Lom kyrkjelege råd

Eg vil med dette sende ein stor takk til alle som har delteke og stilt opp på alt friviljug arbeid gjennom året som har gått. Det vere seg folk i ymse utval og nemnder, kyrkjekaffivertar, tekstlesarar, kyrkjebladnemnd; dykk er kvar og ein umisselege og verdifulle i arbeid for kyrkjelydane i Lom.

Vil også få takke vår kjære stab og alle i omvisartesta, som gjer så umisseleg ein innsats, som tydeleg lever og andar for jobben dei gjer, noko vi er stolte av.

Vil også takke alle dei som har nyttat seg av bankgiroen i kyrkjebladet, og gáver via blomefondet og offergåver; alt kjem godt med.

Året som har gått har vore prega av mykje arbeid, som både har vore krevjande og lærerikt, men også positivt og artig.

Vi hadde i mai ein bispevisitas i «tre dagar til ende», med eit tettpakka og hektisk program, som vår kjære biskop ikkje hadde problem med å følgje.

Nå på haustkanten selde vi kyrkjelydshuset, som har vore ein prosess vi har «skunda oss langsamt med», så eg kan skrive under på at vi har hatt nok å stri med.

Vil med dette ynskje det «nye rådet» all mogleg lukke til med gode, fornuftige og konstruktive løysingar for framtida.

*Med helsing avtroppande leiar i Lom kyrkjelege råd
Jon Kleiven*

Lom kyrkjelege råd november 2015 – november 2019

Faste medlemar for Bøverdalens sokn:

Asbjørn Hansen, 62 år
Randi Glimsdal Bakke, 52 år

Faste medlemar for Garmo sokn:

Torstein K. Garmo, 66 år
Steinar Hov, 56 år

Faste medlemar for Lom sokn:

Per Morten Mork, 48 år
Eldri Bjørnstad Kolden, 43 år
Marit Sletten, 23 år

Politisk representant:

Arnstein Rusten



Varamedlemar for Bøverdalens sokn:

Steinar Aabø, 29 år
Mina Rigmor Marstein, 53 år
Anne Regina Galde, 34 år

Varamedlemar for Garmo sokn:

Sigrun Garmo, 49 år
Helge Husom, 55 år
Ole Rune Skansen, 46 år

Varamedlemar for Lom sokn:

Mariann Helstad, 48 år
Bente Kristin Sulheim Ovesen, 64 år
Aud Kvamme, 44 år
Politisk vararepresentant:
Randi Sofie Lund

Framme: Marit Sletten, Steinar Hov (leiar)

Bak, frå venstre: Eldri Bjørnstad Kolden, Asbjørn Hansen (nestleiar),

Torstein K. Garmo, Randi Glimsdal Bakke.

Per Morten Mork og Arnstein Rusten var ikkje til stades.



Blomefondet

I Lom kyrkjekommune er vi så heldige at ordninga med felles blomefond for alle tre sokna gjev oss høve til å ha vakre og velstelte kyrkjegardar. Blomefond er ei fin ordning som gjer at alle gravstader får same stell sjølv om pårørende bur langt unna. Vi vonar vi kan klare å halde på denne gode ordninga.

Blomefondet vert nytta til kjøp av planter til kyrkjegardane og stell av plantefelta om sommaren. Det er godt å høre både frå bygdefolk, utflytta som fastbuande, samt turistar, at kyrkjegardane her er særstak.

Det er høve til å gje gåver til blomefondet også utanom gravferd. Om du ynskjer å gje ei gave kan denne betalast inn til konto 2085 07 11772. **Innbetalinga må merkast med «gave til blomefondet».**

VI VIL NYTTE HØVET TIL Å TAKKE SÅ
MYKJE FOR GÅVENE SOM ER GJEVE I ÅR.

Bruk av levande ljós og pynt på kyrkjegardane

Vi er stolte av dei vakre kyrkjegardane i Bøverdalen, Garmo og Lom. Både tilreisande og fastbuande kjem med positive attendemeldingar.

Folk er flinke til å pynte på gravene. Om vinteren ynskjer mange å pynte med ljós, men vi lyst minne om at det ikkje er høve til å nytte levande ljós eller noko som helst med flamme på våre kyrkjegardar. Alternativet er å nytte lykter som går på batteri.

Vi vil også minne om at pynt til jul på gravene lyst fjernast att når jula er over. Særskild julepynt som ikkje er teken bort frå gravstadene, kan kyrkjegardsarbeidarane utan varsel fjerne etter 20.januar.

Vinterdekorasjonar elles skal festaren syte for vert rydda seinast 1.mai, jmf. kyrkjegardsvedtekten.



Varmeomnane i kyrkjene er på!

No er det sesong for elektrisk varme i kyrkjene våre, og omnane er varme! Vi vil difor be dykk alle å passe godt på så det ikkje kjem klede eller sko/skosalar inn på omnane.

Takk til Janfrid!

Her i Lom kyrkjekommune nyttar vi glutenfrie avletter som fast nattverdbråd. Janfrid Glimsdal har steikt desse for oss dei siste åra, men har no vald å gje seg med dette.

Til Janfrid: Ein stor takk for at du har gjort dette for oss så mange år! Vi er svært takksame for at du har stilt opp!

Lom Demensforeining

Lom Demensforeining inviterar til Julekos for demente med pårørende. Dette er på Lom Helseheim laurdag 12. desember kl.11:00. Det vert konsert med Reidar Svare, og kaffe med kake.

I 2016 vert det arrangert pårørandeskule; eit undervisingstilbod til pårørende av nokon med demens. Her vil det også vere høve til å dele erfaringar, og pårørandeskulen er eit samarbeid mellom demensforeiningane i Ottadalen. Nærare informasjon om dette kan de få ved å ta kontakt med leiar i Nasjonalforening Lom demensforeining, Kristine Berg på tlf.: 99 42 87 01.

Mange takk til alle som har betalt inn støtte til kyrkjebladet! Utan denne støtta, hadde vi ikkje kunne gjeve det ut fire gongar årleg.

I år har vi fått inn kr. 43 175,-.
Giro for nyt år kjem i neste blad, nr. 1-2016.

Tidlegare dette året fekk vi tilsendt det første kyrkjebladet som kom ut etter krigen. Dette var etter Syster Anna Moen. Ho var frå Nes på Hedmark, men arbeidde i Lom ei periode. Det er niesa hennar som har sendt oss bladet. Vi gjev det att i sin heilskap her:

*Trygg er funnen kyrkjegrunden
Kyrkjegrunden, det Kristus er.
(Grundtvig.)*

Kyrkjeblad for Lom

Nr. 1

15. NOVEMBER 1945

4. årgang

TIL ALLE SOM BER

Mange av oss kjenner at de måneder som Norge og verden nå gjennomlever, er mer alvorlige og framtidsbestemmede enn vi klart forstår. Det ligg altfor nær å tenke at nå er vi igjennom, og at det ikke lenger er så farlig. Slike øyeblikk i folkenes liv kan være mer skjebnesvængre enn alle andre. Vi står ved en skillevei, vi har dager da framtidens fastlegges minst like så avgjørende som under krigen. Det som nå ødelegger eller det som nå festner seg, vil merke vårt folk for årtier. Det uklare og det foreløpige i situasjonen må ikke forvirre oss og ikke friste oss til passivitet. Det er naturlig at synsmåter i dag brytes i vårt folk, også blant kristne. Vi må desto mer være enige om at vi vil Guds vilje over alle ting og vi står fast på vår forpliktethet til Gud. Den ga oss hold i nødens tid og skal alltid gi det.

Dette maner oss til bønn. Og da Gud har lagt et særlig løfte til den felles bønn, vil vi nevne noen bønneemner som vi anser for viktige i dag.

La oss først takke — om igjen hver dag — for at Gud ga oss friheten og ga

oss den uten brodermord og blod. At han har åpnet for vårt folk en ny mulighet til å bygge et liv i Norge på kristen sannhets og kjærlighets grunn.

La oss be for det store rettsoppgjør som nå må foregå, for dommerne at de må få visdom fra Gud til sitt høye og ansvarsfulle kall, og for dem som sitter i fengsel at de må høre hva Gud vil si dem, og for oss selv og vårt folk at ikke vi må hindre gjenreisningen for noen som angrep.

La oss be om at Gud vil rense oss og vårt folk fra krigens indre skader, fra enhver form for fusk og usannhet.

La oss be om at vi i alt som skjer, må vise en kristen holdning, så vi hver på vår plass søker å hindre at syndig ferd får virke urettferdighet og dermed fremkalde en bitter rot i vårt folk.

Og la oss frem for alt be om at Gud i nåde vil sende en landsomfattende vekkelse, så vårt folk kan gå sterkt og villig inn i det åndelige og materielle gjenreisningsarbeide som venter på oss alle.

Den midlertidige kirkeledelse:

Eivind Berggrav. O. Hallesby.
Kristian Hansson. Henrik Hille.
J. Maroni. Tormod Vågen. H. E. Wisleff.

Sidan sist.

Det vart lenge før første nr. av Kyrkjebladet kom ut. Mykje ekstraarbeid etter kapitulasjonen gjorde det uråd å kome i gang so fort som ein gjerne ville. Men dei mange spørsmål etter bladet har synt at folk ventar på det, og no må det bli.

Mykje har hendlt sidan Kyrkjebladet for 3 år sidan fekk stoppordre. Fyrst hadde me dei siste krigsåri med redsel og gru, med overgrep og tortur for mange, og med spaning og uro for alle. So kom freden med glede og takk, og no er arbeidet med atterreisingi av landet teke til. Kanskje går det ikkje so fort som mange hadde tenkt, men det går då.

Bygdi vår var ikkje av dei som vart hardast råma under krigen, snarare tvert i mot. Men her og fekk ein kjenne snersten av svipa, og nokre fekk kjenne temmeleg mykje. To av lærarane vart arrestera og sendt til Kirkenes. Det var klokkar A. Kvæløy og lærar O. Kvæale. Fleire andre har site inne, på Grini eller andre stader. Me nemner dei her: Åmund Elvesæter, Jo Kveum, Kristen Berget, Jakob Kjørren, Per Mork, Torgeir Skjæsar og Hans Ekre. Av desse vart Jo Kveum sendt til Tyskland. Alle kom heim att med liv og helse.

Det kyrkjelege og kristelege arbeidet i bygdi har i desse åri gått omlag som før. Etter at presten hadde lagt ned embetet sitt som statsembetsmann, og soknerådi og kyrkjelydane både i ord og gjerd gav presten sin studnad i dette, og oppmoda han til å halda fram med arbeidet sitt so langt det kunne gjerast av ein ikkje-embetsmann, so har arbeidet gått sin jamne gang. Presten sitt arbeid har ikkje møtt mykje motburd her i bygdi i nazitidi. Samanlikna med andre stader har vanskane vore små. Og frå kyrkjelydane i den heile har presten og arbeidet hans i denne tidi møtt ein godhug og velvilje som har vore til uendelegr stor

glede og hjelp. — Frammøte til messer og møte auka munaleg. Den ålvorlege og førefulle stoda som folk og land og dei einskilde var i, gjorde sikkert at folk kjende at dei trong den styrke og hjelp som Guds ord og trui på Gud kunne gi dei.

No gjeld det om å kome i hug at me ikkje berre treng Gud i dei harde og trонge tider, men like mykje alltid. Og Gud ventar av oss at me syner vår takksem i eit heilagt liv, i tru og lydnad.

Sånad og haust.

Me har etter fått avlinga i hus og gler oss over den rike grøda. Det vesle kornet vart til så stort eit aks, kålfrotet vart til eit stor hovud o. s. b. Gjorde me godt våronnarbeid og hadde godt såkorn, fekk me og rik grøde. Alle kjende den greie livlova: «Som du sår, skal du hauste.»

Men det er ikkje berre ute på åkeren denne livlova gjeld. Me er alle såmenn, og kvar einaste livsdag er ein sådag. Arbeidsmarka vår kan ligge i heimen, mellom kameratane eller på arbeidsplassen. Der formast tankane våre, og desse tankane ber me vidare til andre gjennom ord og gjerningar. Dei vert til frø som me sår, ofte i ei voksterrik jord.

Det er fortalt om dei gamle at dei alltid gjekk berrhovda når dei sådde. Kanskje mange gjer det endå? — Å så var ei heilag handling som dei gamle gjekk til med andakt i hugen. Same sinnelaget skal me og ha når me ferdast ute mellom menneska og sår frø der. Kva slags frø sår me? Og kva frukt ventar me?

Ein lærar borte på Vestlandet hørde at ein av smågutane var så fæl til å banne og bruke stygge ord. Kven han hadde lært det av? «Av dei vaksne, heime, på butikken og ute mellom kameratane.» Om han tykte det var rett og pent? — «Far gjer det og.» — Den fine reine barnesjela hadde vorte sulka. Frøa hadde slege rot, det var ugras i åkeren. — Bannskap kan verta ein sjukdom. Prøvar me å verne dei små mot smitte? Og vert Guds namn halde for heilagt, eller vert det brukta berre i utid?

Du møter ein full mann etter veggen. Han fer frå vegkant til vegkant — hamnar kanskje til sist i veggrøfta. Du ser

På Helseheimen

var det skipa til ein liten fest 31. oktober for s. Rønnaug, som er slutta som oversyster der. Ein av patientane bar fram denne helsingi til s. Rønnaug, som takk for hennar arbeid og omsut:

Det var så mangt i dag vi vilde segja, så mange ting vi ville takke for. Men det er berre det som er det leie, vi har så små ord til takken vår. Men for kvar dag du trufast gjekk og trakka og ofra deg for dei som sjuke var, vi vilde alle saman gjerne takka, og derfor: tak imot dei ord vi har!

*Torlaug Kvandalsvoll.**Nye kyrkjelege tenestemenn.*

Hamar Stiftsdireksjon har oppnemnd gbr. Per Kvandalsvold til medhjelpar i Bøverdalen og gbr. Olaf I. Sveine til medhjelpar i Lom. Likeeins har Stiftsdireksjonen oppnemnd kjøpmann Bjarne Holø til kyrkjeverje i Garmo og gbr. Bertil Munnhjel til kyrkjeverje i Bøverdalen.

K. K.

Pastor Sven Eeg

som reiser for Norsk Søndagsskoleforbund, talar på konfirmantfesten i Garmo mandag 19. nov., i Lien tysdag 20., i Bøverdalen onsdag 21. og i Gymnastikksalen, Lom, torsdag 22. kl. 20.

Takk!

Det er uråd sjølv frå ein prekestol å nå alle dykk som i dei vanskelege krigsåri var med og gav oss det me trond. Difor må de på denne måten ta mot ei personleg helsing og vår hjartelege takk.

Da prestane la ned embeti sine i 1942 var stoda so álvorleg og saki so stor at ein ikkje kunne tenkje på dei økonomiske konsekvensar som dette førde med seg. Men pengar er naudsynleg når ein skal leve, og det har kyrkjelydane vist at dei var merksame på. Eg vil difor takke alle dykk — sokneråd og einskildmenn — som har teke dykk av det, og likeeins vår beste takk til alle dykk som har gjeve dykkar gåver til oss i denne tidi.

— Samstundes vil eg få rette eit rykte som har gått i bygdi i haust, nemleg at presten skulle ha fått etterbetalt løn for desse krigsåri, og soleis ha fått både friviljuge gåver og embetsløn for denne tidi. Det er ikkje sant. Det er ikkje etterbetalt 1 øre i løn for tidi før 8. mai i år. Det er mogleg at ein vil få utbetalt skilnaden mellom det ein har fått på friviljug måte, og det ein skulle hatt i embetsløn i denne tidi, men dette er ikkje avgjort ennå. Frå kyrkjeleg side har det kome framlegg om at det sam har vore spara inn i presteløn i denne tidi skal utbeta last av Staten til eit fond til auka kyrkjeleg arbeid i landet vårt.

Gunnar Bondevik.

Ofringar.

Ved takkegudstenestene i mai i år vart det teke opp kollekt til etterreising av krigsherja kyrkjer i landet vårt. Det kom inn kr. 798,16 i Lom, kr. 512,17 i Bøverdalens og kr. 312,75 i Garmo, ialt kr. 1 623,08. Pengane vart — etter samråding med Hamar biskop sendt biskopen i Hålogaland. Det kjem truleg seinare melding om korleis pengane vert nytta.

Gudstenester:

- 18. nov.: Bøverdalens. Nattverd.
- 25. nov.: Lom. Nattverd. Ofring til Me-nighetssøsterhjemmet.
- 2. desbr.: Garmo. Val på sokneråd.
- 9. desbr.: Lom. Val på sokneråd.
- 16. desbr.: Bøverdalens. Val på sokneråd.

Oktobe.

Døypte: Olav Kolbjørn Vassli, Stein Teigen, Lars Teigen, Amund Torstein Frøise, Gerd Gjerde.

Vigde: Øystein Ø. Kvamme og Maria O. Gaupar, Ola O. Einstulen og Aslaug J. Bergheim, Harald J. Bergheim og Ragna P. Trædet.

Døde: Marit J. Lillehagen, Rønnaug Bakke, Ole J. Holen.

Lom Helselag

arbeider friskt og godt. Ifjor tok Helselaget opp ein kampanje mot å bruka vassausa til drikkekopp. Det vart skipa til ei tevling millom skuleborni om det beste «slagordet» som skulle slå ned denne uvanen. Det kom inn mange utkast, dei beste var desse:

Vil du ha ein sund og helsleg kropp?
Bruk da ikkje vassausa til drikkekopp.

*
Smittespreiar er ikkje vassausa vår,
for ingen drikke av henne får.

*
Vassausa er ein ven i nø'n,
som ofte skjenker menneskja dø'n.

Konfirmantane i haust.

Ved konfirmasjonen i Garmo 23. september:
Liv Botten, Målfrid Sletten, Alvhild Sole, Marie Bakke, Bergljot Borgen, Johanne Marie Eikeland, Janfrid Øyjordet, Målfrid Øyjordet, Ragnhild Kollen, Ingeborg Øyen, Johannes Loften, Knut Kleiven, Odd Henning Sæterdal, Erling Kåre Trondpllassen, Lars Eklestugun, Per Ivar Eikeland, Rasmus Brun, Steinar Brøygard, Asbjørn Horten, Syver Sæterdal, Anders Ekle og Roiv Einarssvoll.

Ved konfirmasjonen i Lom 30. september:

Odrun Ingrid Lien, Aleksandra Margit Brunnes, Ragnhild Blakarstugun, Marit Kvaale, Live Kvålshagen, Mari Kvålshagen, Kari Nyøygard, Kari Bakken, Magnhild Marstein, Tordis Bråten, Magne Aaboen, Halldan Bondevik, Einar Torekveen, Torkjell Synstnes, Steinar Skaansar, Jan Berget, Sverre Teigen, Johannes Marstein, Torbjørn Krøkjehaugen.


Ved konfirmasjonen i Bøverdalens 7. oktober:

Astrid Løkken, Borghild Runningshaugen, Tove Stee, Gunnar Aamot, Guttorm Horten, Martin Bakken.

Bladstyrar: Soknepresten.

Trykt i Otta Bok- og Avistrykkeri, Otta.

Trusopplæringa



STØRST AV ALT

Trusopplæringa

Sidan førre blad kom ut, har vi vore på overnattingstur med 11- og 12-åringar frå Lom og Skjåk, vi har baka med 5-åringar og delt ut bøker til 4-åringane. 3-åringane har fått ei lita helsing i form av ein adventskalender. No gler vi oss til advent! Da treffer vi mange trivelege born frå både barnehagen og skulen.



Ljos vaken ved Dalsvatnet

Kyrkjene i Lom og Skjåk samarbeider om mykje, mellom anna tiltak innan trusopplæringa. Siste helga i august var vi ved Dalsvatnet, der vi prøvde Lom sin variant av «Ljos vaken». 12 trivelege ungar på 11-12 år var med. Det vart mykje leik og moro. Bålkos, fisking både frå land og frå båt, og ungane laga kvar sin Kristuskrans. Sokneprest Einar og gode hjelparar sette garn laurdagseftan, og ungane fekk vere med å ta opp att garna sundag. Det vart bra fangst!



Ungane som var med, for ein positiv og grepa gjeng! Takk til familien Storlien i Bøverdalens som ga oss lov til å slå opp telta på kvea deira attmed Prestehytta! Vi vil også takke Anne-Karin Apalseth og Jørgen Vole som friviljuge for kyrkja, og dei vaksne som var med! Dag Inge Brenna, Jorun Graffer og Tore Rune Kummen. De var alle med å gjere dette så fint som det vart!

Vi gler oss til å gjere dette opplegget att neste år!



Sundag var det messe på Prestehytta, og mange som kom til denne var inne i hytta for fyrste gong. 11- og 12-åringane var svært ivrige både til å reinskje garna, sloye fisken og førebu den over bålvarmen. Etter messa vart det ei truleg stund med kyrkjekaffe ute i sola. Ungane baud på fisk og hardbrød: Kjempegodt! Anne Gro Sulheim og Anne Karin Apalseth hadde baka gode kaker som dei hadde med.

Det er heile tida spanande med nye tiltak, og vi kunne stadfeste at dette vart både populært og morsamt. Vi gler oss til å gjere det opp att neste år!

Kyrkjekontoret i Lom vil nytte høvet til å takke alle som gjorde sitt til at tiltaket vart så vellukka:

Bakedag og 4-årsbok

Sist i oktober var det bakedag for 5-åringane våre! Dette er eit populært trusopplæringstiltak, som både 5-åringar og vaksne ivrar for. Ungane baka nattverdbrød til messa dagen etter, og dei var med sokneprest Einar og heldt fram nattverden. På same messa kom 4-åringane med fine teikningar, blomar og grønsaker frå hausten si avling. Her fekk dei utdelt «Mi eiga kyrkjebok». (Etter ei messe i kyrkja, er det godt for nokon kvar å strekke på føtene. Difor fekk vi dverre ikkje samla alle 4-åringane som fekk boka, men syner biletet av nokre). Det vart både bakst, teikning og leik på bakedagen. Sjølvsgåt måtte vi runde av med å smake på alt som var produsert: Lomper, tytingsyltetøy, eplekake, bollar og rundstykke.



Konfirmanttur til Trondheim

Biletet på framsida syner nesten alle som skal stå konfirmant i bygda vår til våren, dei står framfor Nidarosdomen. Konfirmantane skreiv seg inn i byrjinga av september. Fyrste helga i oktober vart det tur til Trondheim, der vi kombinerte lærings og bli godt kjende med denne flotte gjengen. Vi byrja med eit besøk på Vitensenteret, der vi fekk bussturen ut av kroppen medan mykje vart testa og grunna på. Så heldt vi fram med eit besøk ved Vår Frue kirke. Dette gjorde sterkt inntrykk på både konfirmantane og dei vaksne: Vi besøkte staden midt på dagen laurdag. Da hadde det nett vore «Varmestund» for dei i samfunnet som ikkje har det så lett; rusmisbrukarar og bustadlause. Gateprest Odd Halvor Moen fortalte om arbeidet sitt og om arbeidet friviljuge utfører i Vår Frue kirke, på ein ærleg og direkte måte som gjekk rett til hjarta på oss alle. Dette vart understreka ved at fleire huslause og rusmisbrukarar var til stades, og konfirmantane prata med nokre av dei.



Om kvelden åt vi middag i Egon-tårnet, 74 meter over bakken. Der kosa vi oss i lag medan vi såg utover Trondheim by.

Vi budde rimeleg på eit pensjonat, der dei fekk levert frukost til oss frå eit cateringfirma. Vi fekk så mykje mat til overs at konfirmantane ville gje dette til Vår Frue kirke, der dei visste at dette ville kome til nytte. Det vart spesielt for oss alle. Takksemda konfirmantane fekk attende vil nok stå som eit sterkt minne frå konfirmanttida for dei. Det er godt å kjenne at ein gjer ein skilnad for andre!

Sundag gjekk vi til messe med nattverd i Nidarosdomen, der vi også fekk sjå tre ungar bore til dåpen. Songen var leia av Nidarosdomens Oratoriekor. Etter gudstenesta fekk vi omvising i Nidarosdomen, før vi vende nasen heim til Lom etter ei helg med mykje trivsel og mange inntrykk.

Helga etter vart konfirmantane presentert under gudsteneste i Garmo kyrkje.

Dei som skal stå konfirmant i Lom kyrkjekommune til våren, er:

Lom kyrkje laurdag 21.mai:

Siri Aaboen	Einar Magnus Aukrust
Elise Øverli Bore	Reidar Aurmo
Torhild Brenna	Jens Fossen
Ingrid Aas Haugtredet	Vemund Fyrun
Line Kjørren	Gorm Kvistad
Mari Husom Kjørren	Håkon Marstein
Live Marie Kleiven	Ørjan Nørjordet
Marthe Kvåle	Åsmund Risheim
Brit Irene Mork	Amund Olav Rusten
Rønnaug Mork	Martin Sæter
	Erik Vaagaasar
	Marcus Antonio Vole
	(Romedal sokn)

Garmo kyrkje laurdag 28.mai:

Vårhild Bakke Berntzen (Nittedal sokn)
Erland Vangberg





Heim og ætt

BØVERDALEN

- 30.08: Maria Galde Flaten
13.09: Odd Mathias Aasen, Nannestad. Døypet i Røisheim kapell
11.10: Sina Flå

GARMO

- 15.11: Rønnaug Mo

LOM

- 06.09: Martin Husom Røhr
06.09: Tuva Elea Grjotheim
25.10: Samuel Kvamme
25.10: Even Skjedsvoll Kolden
25.10: Eirin Plassen
25.10: Erik Brenden

BØVERDALEN

- 05.09.: Cecilie Fremo Mortvedt og Øyvind Bergkvam, Fetsund. Vigde på Elveseter
19.09.: Ane Marte Hoel Glestad og Philip Moland Gustavsen, Oslo. Vigde i Gjendebu

LOM

- 12.09.: Margrete Kolsø Morken og Sondre Bøye, Skjåk

GARMO

- 19.05: Hallstein Sole, f. 1928
07.08: Anton Øyen, f. 1934
21.08: Eldri Kolden, f. 1937
02.10: Ragnhild Ødegård, f. 1932

LOM

- 05.06: Marit Nørjordet, f. 1930
12.06: Rønnaug Sjurgard, f. 1923
02.09: Leiv Brynjulf Aartun, f. 1929
16.10: Liv Gudrun Kvandalsvold, f. 1933
20.10: Unni Marie Reinschmidt, f. 1943
06.11: Odd Sveine, f. 1937

Det som ikkje skal skje, skjedde likevel først i november. To namn hadde ikkje komme med på lista og vart ikkje nemnt i kyrkja ved Helgemesse. Dei to dette gjaldt var for kvar sin familie ein kjær ektemann, far og bestefar. Den eine var òg oldefar. Vi kan berre førestelle oss kor sårt dette var for dei pårørande som hadde møtt opp i kyrkja, da deira kjære ikkje var nemnt.

Vi ber audmjukt om orsaking for dette. Om dei ikkje vart nemnde, veit vi at dei aldri vert gløymde.

Dei som gjekk bort blant oss og vart gravlagde mellom Helgemessene 2. november 2014 og 1. november 2015 var:

i Bøverdalen:

- ❖ Gry Odden
- ❖ Leiv Brynjulf Aartun

i Garmo:

- ❖ Arne Kvåle
- ❖ Jarnfrid Odde
- ❖ Ragnhild Bakke
- ❖ Hallstein Sole
- ❖ Anton Øyen
- ❖ Eldri Kolden
- ❖ Ragnhild Ødegård

i Lom:

- ❖ Einar Rusten
- ❖ Bjarne Moen
- ❖ Karl Fuglesteg
- ❖ Ingeborg Kristine Mork
- ❖ Tor Smedsmo
- ❖ Guttorm Egil Nordal
- ❖ Kari Husom
- ❖ Ragnar Skjelden
- ❖ Steinar Runningen
- ❖ Karen Hoft
- ❖ Eva Solveig Vangen
- ❖ Torstein Sandviken
- ❖ Marit Nørjordet
- ❖ Rønnaug Sjurgard
- ❖ Liv Gudrun Kvandalsvold
- ❖ Unni Marie Reinschmidt

Fred over deira minne.



Nytt frå Friviljugsentralen:

Småbarnstreff kvar måndag kl. 12:00 til og med den 07.12.

Alle er velkomne til Tysdagstreff kl. 10:30 følgjande datoar :
01.12. : Vi får besøk frå Loar barnehage.
15.12. : Adventstund i Lom Stavkyrkje.

Strikkegruppe kvar onsdag kl. 11:30 til og med den 16.12.

Friviljugsentralen ynskjer fleire friviljuge på ulike tiltak.
Stikk innom for ein prat. Velkomne til Drengestugu!



Prestegardens Kvinneforening:

Til neste år fyller Prestegardens Kvinneforening 140 år. Det vil vi kome attende til seinare, men vil no før jul berre nytte høvet til å ynskje alle saman ei vel-signa julehøgtid! Mange av dykk har nok minne frå foreiningsmøta, og kjänner nokon som har vore med der. No har vi møta rundt i heimane, og 8.desember klokka 18:00 er det adventsmøte i Prestegarden. Alle kvinner som vil, er velkomne til å vere med. Til vanleg er møta andre tysdag i månaden. Kontakt: Anna Magni Larsen tel 61 21 27 45.

Foreininga er knytt til Det norske Misjonsselskap, men støtter òg Bibelselskapet.

Lomsklangen med Guren Hagen, Martine Kraft og Frode Berntzen inviterer til julekonsert i Lom Kyrkje fredag 11.desember kl. 19:30

Førehandssal av billettar på KIWI: kr. 200,-
Billettsal ved inngangen: kr. 250,-

JULETREFEST 4.juledag

Velkomne til juletrefest på Bøverdalen Samfunnshus måndag 28.des. kl. 19:30

Dette er ein fest for alle i bygda, og «uttabygdes» er sjølv sagt også hjarteleg velkomne!
Inngang kr. 50,-. Alle under 15 år går gratis.
Loddsal. Programinnslag.
Gonge kring juletreet og servering.

Aasmund Nordstoga og Gunnhild Sundli i Lomskyrkja sundag 13. desember kl. 18:00

Dei to artistane har sett saman ein julekonsert med folkemusikken si drivande nerve i seg, og byr på kjende og mindre kjende julesongar: framført leikandes, vakkert og fredfullt, og med det intime samspelet mellom tekst og melodi i sentrum.

Billettsal på Billettservice: www.billettservice.no
Vaksne: kr. 350,- (+avgift á 25,-). Born 4-12 år: kr. 250,- (+ avgift á 20,-).

Dørene opnar kl 17:00, konsertstart kl 18:00.
Eventuelle uselde billettar vert selde ved inngangen. (NB: kun kontant)

Støtteperson med gyldig bevis går fritt utan billett.
Varar 70 min. utan pause.

Gjeling-Ljomen sin årlege julekonsert i Garmo kyrkje er onsdag 16.desember kl. 20:00

Med Reidar Svare, Bjørn Kåre Odde og Gjeling-Ljomen

Billettsal ved inngangen: kr. 200,-

Stoff-frist for neste kyrkjeblad er 20. februar 2016.

Gudstenesteplan

Jfr. samarbeid med Skjåk: Dei helgene det ikkje er messe i Lom kyrkjekommune, skriv vi inn det som skjer i Skjåk kyrkjekommune

Sundag 06.12.2015 GARMO KYRKJE kl. 19:30.	2. sundag i adventstida Ljosmesse med konfirmantane. Offer til eige arbeid i kyrkjelyden. Kyrkjekaffe ved konfirmantforeldre etter messa.
Sundag 13.12.2015 LOM KYRKJE kl. 11:00.	3. sundag i adventstida Messe.
Sundag 20.12.2015 SKJÅK KYRKJE kl. 19:30.	4. sundag i adventstida Vi syng julu inn.
Torsdag 24.12.2015 LOM HELSEHEIM kl. 11:00.	Julaftan Andakt.
Torsdag 24.12.2015 LOM KYRKJE kl. 15:00.	Julaftan Julaftansmesse, offer til Kirkens Nødhjelp.
Fredag 25.12.2015 BØVERDAL KYRKJE kl. 11:00.	Juledag Juledagsmesse, offer til Frelsesarmeén.
Fredag 25.12.2015 GARMO KYRKJE kl. 14:00.	Juledag Juledagsmesse, offer til Frelsesarmeén.
Torsdag 31.12.2015 LOM KYRKJE kl. 23:00.	Nyårsaftan Nyåsmesse.
Sundag 03.01.2016 NORDBERG KYRKJE kl. 11:00.	1. sundag i openberringstida Messe
Sundag 10.01.2016 BØVERDAL KYRKJE kl. 11:00.	2. sundag i openberringstida Messe.
Sundag 10.01.2016 GARMO KYRKJE kl. 19:30.	2. sundag i openberringstida Kveldsmesse.
Sundag 17.01.2016 NORDBERG KYRKJE kl. 11:00.	3. sundag i openberringstida Messe.
Onsdag 20.01.2016 LOM HELSEHEIM kl. 11:00.	Andakt.
Sundag 24.01.2016	Såmannssundagen Konfirmantane og prestane frå både Lom og Skjåk er på konfirmantfestival på Lillehammer denne helga..
Sundag 31.01.2016 LOM KYRKJE kl. 11:00.	Kristi forklæringsdag Messe.
Sundag 07.02.2016 GARMO KYRKJE kl. 11:00.	Fastelavnssundag Messe med urdeling av biblar til 9åringane i bygda.
Sundag 07.02.2016 BØVERDAL KYRKJE kl. 19:30.	Fastelavnssundag Kveldsmesse.
Onsdag 10.02.2016 SKJÅK KYRKJE kl. 18:00.	Oskeonsdag Oskeonsdagsmesse.

*Vi tek atterhald om endringar. Sjå også annonse i Fjukken, oversikt i GD, samt vår eiga Facebook-side som heiter Lom Kyrkjekommune:
<https://www.facebook.com/lomkyrkjekommune>*



LOM KYRKJEKOMMUNE ☎

Du treffer folk på dei **KYRKJELEGE KONTORA**
på Midtgard månd. – fred. kl. 10:00 - 14:00
Postadresse: Postboks 177, 2688 Lom.
Bankkonto: 2085 07 11772

LEIAR LOM KYRKJELEGE RÅD

Steinar Hov, tlf. 95 14 49 10
e-post: steinar.hov@gmail.no

SOKNEPREST

Einar Gelius, tlf. 61 21 73 40
Prestegarden: 906 55 838
e-post: soknepresten@lom.kommune.no

KYRKJEVERJE

Borghild Skarelven, tlf. 61 21 73 38
e-post: kyrkjeverje@lom.kommune.no

KYRKJELYDSSEKRETÆR & TRUSOPPLÆRAR

Gunn Berit Vole Mork, tlf. 61 21 73 39
e-post: kyrkjelydssekretær@lom.kommune.no

ORGANIST, KYRKJETENAR

Terje Blakarstugun

KYRKJETENAR

Jonas Fjeld
Tlf. Lom kyrkje, 61 21 16 75 kl. 10:00 – 14:00
Tlf. Garmo og Bøverdal kyrkjer,
400 62 194 kl. 10:00 – 14:00
e-post: kyrkjetenar@lom.kommune.no

BLOMEFONDET

Bankkontonr.: 2085.07.11772

OMVISARTENESTA, tlf. 970 75 397

1. mai – 1. oktober
(kontakt kyrkjekontoret elles i året)

KYRKJEBLAD FOR LOM

Redaksjonsgruppe: Randi Glimsdal Bakke, Merete Byrøygard, kyrkjelydssekretæren og soknepresten

SIDEOPPSETT OG TRYKK

Dale-Gudbrands Trykkeri as, tlf. 61 27 73 50
e-post: lasse@dg-trykk.no

Prestane sin vakttelefon i Nord-Gudbrandsdal

VAKTNUMMER 414 81 457

Kveld/natt: Kvardagar kl. 17:00-08:00
Helg: Fredag kl. 17:00 - Måndag 08:00